

# HYRDINGRØYSTA

NR. 3/2022

OKTOBER

Grunnlagt 1938

83. årgang



# Frå redaksjonen

Hausten er definitivt kommen, og når dette blir skrive ligg snøen langt ned i fjellsidene. Dette var året då sommaren aldri kom, bortsett frå eit par veker i september.

Det kan såleis vere tungt å gå inn i mørketa utan den ladinga av batteria som ein god sommar betyr. Men vëret gjer vi ingen ting med, vi lyt berre ta det vi får. Trøysta får vere at alt vatnet vi har fått blir brukt til å lage straum, ei viktig og etterspurd vare.

I denne utgåva av Hyrdingrøysta handlar det ein del om Vassenden kyrkjesenter. Denne kyrkja er 20 år i år og den har også skifta eigarform, frå stifting til foreining. Denne kyrkja er også eit strålende eksempel på kva som er råd å få til når pågangsmot og dugnadsånd går hand i hand. Det er rett og slett imponerande kva eldsjelene bak bygginga av denne kyrkja har fått til.

Vi må også nemne speidargruppa på Skei som også blir driven med hjelp av dugnadsånd og eldsjeler som går i front. Den nye speidarplassen, eller naturområdet som dei kallar det, er eit flott eksempel på dugnad og samarbeid. Her har speidarane fått sin eigen plass med bålplass og grillhytte, finansiert ved hjelp av rause gåver og dugnad.

– Vi får til det vi vil, seier speidarane, eit motto til å ta lærdom av.

Kyrkja har vore gjennom ein sesong med mange friluftsgudstenester, men no er det nok best å søkje tilbake til dei tradisjonelle kyrkjeromma. Hausten er også tida for konsertar og andre arrangement rundt om i kyrkjene og då handlar det ikkje berre om julekonsertar. Førestillinga «Josef» kjem til Ålhus kyrkje i november, og i desember får Helgheim kyrkje besøk av kvinnekoret «Kvitre» frå Førde som skal halde julekonsert.



Vi må sjølvsagt også nemne at Den norske kyrkja har engasjert seg mot den meiningslause krigen i Ukraina.

– Kyrkjemøtet fordømmer Russlands okkupasjon og krigføring i Ukraina og ser med sorg og fortvilning på utviklinga. Vi vil uttrykke vår djupaste medkjensle med det ukrainske folket, men også solidaritet med dei russarane som protesterer mot krigen. Vi er særleg bekymra for alle barn og unge som no får frårova liv og framtidsmogelegheiter.

Kyrkjemøtet meiner også at krigen er eit opprør mot Gud

– Angrepet på Ukraina er en hån mot dei kristne og humanistiske verdiene Europa er tufta på. Krigens råskap er synd mot menneska og opprør mot Guds vilje, heiter det i ei lengre uttale frå Kyrkjemøtet.

Men trass i dette dystre bakteppet vil vi likevel ønskje lesarane ein god haust.

## KYRKJA I JØLSTER

### KYRKJEKONTORET

☎ 57 82 81 80

Ope tysdag 9-15 : Tilsette kan treffast etter avtale også resten av veka.

post.jolster@sunnfjordkyrkja.no

www.kyrkja.no

www.facebook.com/kyrkeneijolster

### HOVUDKONTORET I FØRDE

☎ 57828180

E-post: sunnfjord@sunnfjordkyrkja.no

Sunnfjord kyrkjelege fellesråd:

Nils Gjerland, leiar tlf.: 950 74 007

Ålhus sokn:

Irene Muren Knapstad tlf: 992 47 006

Helgheim sokn:

Astrid Aardalsbakke Feldt

☎ 416 84 368

Sokneprest Silje Sørebo

Kontortid etter avtale

☎ 473 99 492

silje.sorebo@sunnfjordkyrkja.no

Sekretær Toril Øye

Kontortid tysdagkl. 9-15

post.jolster@sunnfjordkyrkja.no

Kyrkjeverje

Sissel Vartdal

☎ 489 91 257

sissel.vartdal@sunnfjordkyrkja.no

Kontortid etter avtale

Ass. kyrkjeverje

Trond Herløund

☎ 489 58 086

trond.herlosund@sunnfjordkyrkja.no

Kantor Rune Molvik

☎ 99127430

rune.molvik@sunnfjordkyrkja.no

Kontortid tysdag kl. 9-15

Kateket Ute Lindner

Kontortid etter avtale

☎ 489 58 165

ute.lindner@sunnfjordkyrkja.no

Driftsleiar Helge Årdal

☎ 97 64 90 16

epost: helge.ardal@sunnfjordkyrkja.no

Utleigenummer Misjonshuset på Skei

☎ 959 48 849

Utleige Vassenden kyrkjesenter

☎ 971 20 085



### Hugs bladpengane

Bladpengane er den viktigaste inntektskjelda vår. Om alle betalar kan vi lage eit både fyldigare og betre blad. Sjå meir på neste side.



## HYRDINGRØYSTA



KYRKJEBLAD FOR JØLSTER

## ANDAKT

Av sokneprest SILJE SØREBØ

## Det du kjenner namnet på...

Det lille barnet gjekk med mor si på fortauet. Brått set barnet seg rett ned. Mora vil vidare, men barnet vil ikkje. Det peikar framfor seg på fortauet og seier «Der!». Framfor barnet ligg det ein underleg skapning, ein hårete larve som buktar seg framover. «Det er ein larve», seier mora. «Larve!» svarar barnet og ler av fryd.

«Det vi kjenner namnet på, det verdset vi hogare», sa forfattern Maja Lunde då ho vitja Borgja på Ålhus i slutten av september. Då ho vart spurt om kva vi kan gjere for ta betre vare på jorda vår, så ho mellom anna noko om at vi må bli flinkare til å trekkje fram glede over naturen og mangfaldet. I miljødebatten kan vi ikkje berre snakke om naturen som ein ressurs for menneska, men som noko med eigenverdi og noko som vi kan gle oss over. Vi må la borna som veks opp lære om naturen, namnet på dyra og blomane og oppleve glede over mangfaldet i naturen, sa Maja Lunde, for det vi kjenner namnet på, det verdset vi hogare.

I Jesaja 43, 1 står det: «Og no, så seier Herren, som skapte deg, Jakob, som forma deg, Israel: Ver ikkje redd! For eg har løyst deg ut, eg har kalla deg ved namn, du er min.»

Noko liknande ser vi i Johannesevangeliet der Jesus blir skildra som den gode gjetaren som set livet til for sauene: «Han kallar sine eigne sauer med namn og leier dei ut». Det at den gode gjetaren kjenner namnet på kvar av sauene er et uttrykk for den kjærleiken, omsorgen for og glede over det einskilde menneske som Jesus har.

I den andre skapings saga i Bibelen står det fortalt korleis Gud etter å ha skapt mennesket, skapar dyra og fuglane og fører dei fram for mennesket for å sjå kva namn mennesket ville gje dei: «Det som mennesket kalla kvar levande skapning, det fekk han til namn» (1 Mos 2, 19) Kvifor fortel denne gamle myten om skapinga på denne måten? Kanskje er det eit uttrykk for ein tanke om at Gud vil at vi menneske skal ta del i hans kjærleik og omsorg og glede over, ikkje berre menneska, men heile skaparverket. Menneska får lov å gje namn til dyra og fuglane fordi: «Det vi kjenner namnet på, det verdset vi hogare».



Kanskje skal vi la det vesle barnet oftare vise veg? Når vi hastar bortover vegen for å nå eitt eller anna. Kanskje skal vi gå med på å stanse opp ein augneblink og bruke tid på å studere ein larve, fryde oss over ein slik underleg skapning og slik ta del i Guds kjærleik og glede over mangfaldet i skaparverket, frå den minste larve til dei mektige trea.

## Bøn for skaparverket

*Gud vår skapar, din ande svevde over kaos og fødde verdsaltet. Du gleda deg på kvar einaste av dagane i skapinga, og fryda deg med himmelens herskarar då du såg at alt var godt. Du tende livsgnist i alle dine skapningar, og pusta din ande inn i menneska. På den måten skapte du ei foreining mellom himmel og jord i oss.*

*Gje oss å verdsetje og gle oss over slektskapet vårt med alt som lever, med heile skaparverket som du frigjer saman med oss ved Jesus Kristus.*

*Amen*

## HYRDINGRØYSTA

kjem ut med fire blad i året, og vert sendt til alle husstandar i Jølster som informasjon.

Ein giro på kr 250,- vert sendt ut med bladet ein gong i året. Betalinga er

frivillig. Annonseren støttar bladet med kr 1000,- for fire annonser i fire nummer pr år. For abonnentar utanom kommunen: kr 350,- pr år. Må tingingast.

Kontonummer til Hyrdingrøysta: 3703. 30 09225. Bladet slit med økonomien så det er viktig at alle betalar. Alternativet er å legge ned bladet.

## BLADSTYRET:

Hallstein Dvergsdal,  
Björg Dvergsdal og  
Hildegunn Huus

epost: hdvergsdal@gmail.com

Neste nummer kjem i til jul.



Her ser vi deler av arkivet etter Matias Orheim. Vi ser også glasa han spelte på og felekassen med fela i.

# Den blinde sjåaren

Matias Orheim frå Stårheim i Nordfjord. Vart blind i ungdomen. Heldt 35.000 møte, skreiv 1000 dikt, songar og salmar og 10 romanar.

Tekst og foto: Steinar Dvergsdal

Han spelte på glas og fele. Han «kristna nynorsken og fela». Fekk Kongens Fortenestemedalje i gull. Er han den største kulturpersonlegdomen i Fjordane?

## Kyrkjelydstur

21. august benka 38 personar seg i buss på Skei. To koronastengde år er attendelagde. Vidar Feldt er kusk og Astrid Feldt er reiselei-ar for flokken. I tillegg til å reise i lag, prate i lag og nyte flokkjensla, skulle vi utforske Matias Orheim. Den 5. kyrkjelydsturen hadde Orheimtunet på Stårheim som reisemål.

Det var preikefri søndag i Jølster. Sidan det heller ikkje var preike på Stårheim, vart første stopp Kjølesdalen Kyrkje 10 min frå Stårheim. Ei lita og noktern trekkyrkje. Her viste Jølstringane att. Når vi var på plass gjekk

frammet opp med nær 300 prosent. Vi vart trakterte med den flottaste kyrkjekaffi, kaker og fruktfat.

Ved Orheimtunet vart vi møtte av barnebarnet hans, Åshild Orheim. Et forteljartalent av dei sjeldne. Vi føler no at vi kan alle detaljar om den imponerende personen Matias Orheim. Frå han som unggut var så syndig å spele kort med kompisane og ikkje passe godt nok på gjetinga. Og difor vart nekta konfirmasjon. Mora trødde til, og reiste og snakka presten til rette. Matias vart konfirmert.

## Diktaren

På pinsesemne 2, pinsedag 1900 med talarane Thormod Rettedal og Ludvig Hope, vart Matias ein kristen. Alt dagen etter i smia til faren, skreiv Matias sin første salme, «Eg fann min gud i ungdomsår». Seinare skreiv han 1.000 dikt, songar og salmar. I salmeboka vår er der no fem salmar av Matias Orheim. Mellom dei «Eg har ei tenesta stor for Gud», og «Kvardagskristen vil eg vera». I 1903 skreiv Orheim diktsamlinga «Heimlokk». Ingen forlag hadde tru på ei slik nynorsk diktbok. Orheim gav difor ut boka på eige forlag. Ho vart seld i 65.000 eksemplar! Han gav og ut

10 romanar. Nynorsk hadde til då ord på seg for å vere eit fritenkjarmål. Det heiter seg at Matias Ordheim saman med Elias Blix, Anders Hovden, Bernt Støylen og Ludvik Hope «kristna nynorsken».

## Den blinde Orheim

Som tenårig fekk Orheim vanskar med synet. Han fekk vite at han kom til å bli blind. Då skreiv han om stoda til kjæresten sin. «Du må stå fritt i kva du vil gjera». Han fekk svar frå Maria.

– Eg skal vere saman med deg. Eg skal vere augo dine i livet. Vi skal leve i lag og reise herifrå i lag». Ho vart hans støttande hand gjennom eit særst aktivt liv. Han lærde seg blinde-skrift, men kona las og for han og følgde han rundt. Det same gjore fleire av borna. Han reiste og åleine. Han hadde møter i alle prestegjeld i Noreg bortsett frå nokre få i Finnmark. Ofte hadde han tre møter om dagen, 35.000 til saman. NRK-legenden Arne Grimstad, kalla han for den blinde sjåaren.

## Song og musikk

Mange av oss kjenner til Ordheim som predikanten som spelte på glas. Han spelte og





Ved Orheimtunet vart vi møtte av barnebarnet hans, Åsbild Orheim. Et forteljartalent av dei sjeldne.

fele og song. Fela vart sett på som eit syndig instrumen. Det heng sjølvstakt saman med det utsvevande livet som vanlegvis var rundt festar der felespelet oftast vart brukt. Det vart sagt at Matias Orheim «kristna felemusikken». I museet fekk vi sjå fela og felekassen, og brett med glasa han spelte på, metall boksen glasa vart pakka i og skinnveska som var utanpå den. Matias kopierte alle breva sine med blåpapir, og arkiverte alle desse kopiane saman med dei han tok i mot. Han noterte og arkiverte frå alle møte. Dette må vere ein stor kulturhistorisk skatt.

### Jordnær kristendom

Orheim var motstandar av den rådande strenge og pietistiske kristendomen. Bodskapen hans var ein gladare, meir heimsleg, jordnær og praktisk kristendom. Sjølv om kampar høyrer med, skal det vere rikt å tene Kristus og livet skal ikkje vere gledelaust. Kontrasten var der til dei som meinte at lidning og pine var vegen til frelse. Han var kritisert for å snakke for lite om helvete, dom og satan.

### Forlate livet i lag

Dei fortalde borna og barneborna at dei had-



Kvinnekoret Kvitre inviterer til julekonsert i Helgheim kyrkje måndag 5. desember. (Reiakvam foto.)

## Julekonsert med Kvitre

Kvinnekoret Kvitre har gleda av å invitere til stemningsfull julekonsert i Helgheim kyrkje måndag 5. desember kl. 19.30. Med oss på piano og orgel har vi Gro Gunnarson. Dirigent er Beth Ramfjord.

Det er første gong vi skal synge konsert på Jølster, og vi håpar å sjå mange kjekke jølstringar i benkane denne kvelden. Pan-

demien har stoppa oss eit par år, så no gler vi oss veldig å få prøve klangen i Helgheim kyrkje.

For dei som ikkje kjenner oss frå før, er vi ein gjeng med likandes kvinner som held til i Forde og omegn og elsker å synge vakre tonar i harmoni.

## Forestillinga «Josef»

I ÅLHUS KYRKJE 15. NOV KL 19.

«Josef» er ei av verdas vakraste forteljingar! Om draumer, svik og stor kjærleik.

Fortalt av Helga Samset, ein av Norges mest erfarne forteljarar, i lag med Jonas Kilmork Vemøy ein av våre finaste jazzmusikarar. Mat og allsong i prestegarden etter forestillinga. Framsyinga er eit samarbeid mellom kyrkja og Jølster litterære folkeakademi.




de bedd til Gud om å få forlate livet i lag. Så dei budde dei på at det truleg ville skje i ei ulukke. Dei miste ikkje livet i lag i ei ulukke. Kona vart kreftsjuk og låg for døden. Matias klagde til presten at dei ikkje hadde vorte bønhoyrde hos Gud. Når Matias kom heim fekk han slag. Han kom seg til at litt og var på kontoret. Men fekk nytt slag 20.04.58, og døydde. Tre timar seinare døydde kona. Dei vart bønhoyrde.

Vitjinga på Stårheim vart avslutta i Stårheim Kyrkje. Ved kyrkja står minnesteinen

over Maria og Matias Orheim. Som avslutting på turen song vi saman «Kvardagskristen vil eg vera....»

Til Astrid og Vidar og alle andre som var med, TAKK FOR EIN FLOTT OG LÆRERIK TUR!

Til dykk andre, du får eit nytt høve neste år...



### GJESTESKRIBENTEN:

Hyrdingrøysta har starta ei ny spalte, ein tumleplass for dei med skrivekløe og for dei som brenn for noko. I denne spalta vil vi oppfor-

dre jølstringar om å skrive om noko som opptek dei, noko som er aktuelt i tida, eller noko dei trur kan vere godt for andre å lese. I tillegg til å oppmode skribentar om å melde seg, vil vi også utfordre nokre vi

trur kan vere med på å gje liv til denne spalta.

Denne gongen er det sjukehusprest HELENE LANGELAND som gir oss eit innblikk i kva som møter henne på sjukehuset.

# Historier om sårbarheit

## INNBLIKK I LIVET PÅ SJUKEHUSET ...

Kvar dag møter eg nye mennesker. Det er unge og gamle, pasientar, pårørande og tilsette. Kwart einaste menneskemøte er forskjellig.

Tekst sjukehusprest HELENE LANGELAND

Felles for alle, er at vi er sårbare. I jobben som sjukehusprest møter eg historier om tunge tak og store påkjenningar. Samstundes handlar det ofte om styrke og uante krefter.

### Kostbare juvelar

Sjukdom, liding og redsel - det er noko av det som blir delt når vi møtest. Av og til handlar det om å våge å møte døden, andre gonger om å finne mot til å leve. Ofte blir det delt sterke tankar om håp for framtida. Andre gonger høyrer eg historier om knuste draumar som har fått alvorleg motstand. Børa av knust liv, kan vere tung å bere, då kan det vere godt å ha nokon å snakke med. Ved ei sjukeseng oppfordrar eg gjerne til å bruke sjukehuspresten som soppelbøtte eller konteinar - alt etter kor mykje som treng å skrotast.

Latter og tårer går ofte side om side. Glede

og sorg flettar seg saman.

Gylne augneblinkar, dei finn og vegen inn på sjukehuset. Det kan til dømes vere at «rette ektefolk» gjev kvarandre sitt ja! Bryllaup ved ei sjukeseng blir som kostbare juvelar, juvelar som vanskeleg kan prisast høgt nok.

### Tapt kontroll over eige liv

Kanskje har du lyst å bli med meg inn i eit kort møte med ein pasient? Kvinna eg fortel om har gitt meg lov til å gi eit glimt av hennar historie. Ho er ein av dei verkeleg imponerande personane eg har snakka med.

Ho er sliten og utmatta. Sjukdom og tunge hendingar ligg som eit steinras over henne. Ho fortel om redsel for framtida, og kjenner på tapt kontroll over eige liv. Dette er ein av dei som har fått livet sitt satt på pause, og som ikkje veit kvar vegen går vidare.

Vi har møtt kvarandre fleire gonger, og i

dag spør eg henne. «Kva er viktig for deg her og no?»

Ho svarar: «Eg vil at nokon skal pakke meg inn i eit teppe, trøyste meg og bære meg over målstreken. Eg vil ikkje vere sterk lenger!»

Vi pratar vidare om at det gjer godt når nokon vågar å vere der, og berre ta imot det som er vanskeleg. Gi rom for at det er lov å vere både sint, lei seg og motlaus.

Eg undrar meg over kvifor det ofte er så vanskeleg å få til dette - å berre ta imot. Vi vil så gjerne vere handlekraftige. Finne løysingar.

### Å dele og lytte

Eg skulle ynskje eg hadde dei retta orda. Magiske ord som får tungsinn til å forsvinne. Det hadde vore fint! Men der vi sit saman i mørket er det er ikkje alltid at ord strekk til. Då er det ikkje anna å gjere enn å ta imot og berre være. Kvile i kvarandre sitt blikk og varsam stryke over ei hand.

I møte med små barn er det ofte lettare. Når ein liten krabat blir lei seg, då tar vi imot, trøystar og viser spontan empati. «Åå, kom skal eg trøyste og passe på deg!» seier vi gjerne. Vi voggar og omsluttar barnet, til det er klar for å utforske livet på nytt.

Korleis kan eg vogge og passe på deg? I møte med kvinna eg har introdusert deg for, har eg stilt dette spørsmålet til meg sjølv. Kanskje handlar det om å våge å vere open og utan annan agenda enn å ta imot?



Helene Langeland er sjukehusprest på sentralsjkehuset i Førde.

Det kostar noko, det å dele tunge byrder med andre. Det skal mot til å vise sitt sanne ansikt. Kanskje er det skummelt å opne opp for sårbare tankar, fordi vi og veit at det kan vere vanskeleg å ta imot? I det sårbare treng vi å vere trygge på at det som blir delt også blir tolt - og at den som høyrer kan romme. Mi

erfaring er at både den som deler og den som lyttar, får eit rikare liv.

#### Det var ikkje slik det skulle vere

Eg har alt sagt at denne kvinna har imponert meg. Det handlar om så mange ting. Ho har lært meg mykje. Ho er ei av dei som evner

kunsten å la frykt og håp - smerte og livsgnist - styrke og sårbarheit, gå hand i hand. Ho har vore i livssituasjonar som det for mange av oss vil vere vanskeleg berre å tenkje på. Ho evner den krevjande øvinga å stå i det vanskelege her og no, samstundes som ho kan la tankane fly og inn i håpet for framtida.

Eg håpar du som les dette, har nokon som kan pakke deg inn i varme og omsorg, når du kjenner at du treng kvile. Eg håpar at vi og vågar å ta imot og bære byrder for den som sjølv ikkje klarer å bære meir.

«Det var ikkje slik det skulle vere, det var ikkje slik det skulle bli! Eg drøymde som liten om ei mykje betre tid» Dette er ei strofe frå ein song av Bjørn Eidsvåg. Denne songen kling ofte i hovudet mitt i møte med menneske og blir kjend med på sjukehuset. Det kunne like gjerne ha vor eit sitat frå mange av dei pasientane eg møter.

Uansett kven vi er, så har eg lyst å avslutte med følgande helsing frå Jesus. Eg trur han har forstått kva det handlar om når livet er vanskeleg. Jesus stod ofte side om side med kvinner og menn som hadde det tungt. Menneske som av ulike årsaker klamra seg til håpet om ei betre tid. Dette er ei helsing til deg og meg i dag;

«Kom til meg alle de som strevar og bærer tunge byrder, eg vil gi deg kvile.»

Matt. 11.28.



# 50-års konfirmantane



**50-ÅRS KONFIRMANTAR HELGHEIM.** Bak frå venstre: Oddgeir Årdal, Bjarne Haugen, Kåre Dvergsdal, Arne Nedrebo, Jo Helge Sunde  
2. rekke bakfrå: Arvid Kjosnes, Nils Magnar Helgheim, Ester Årdal Tveit, Oddvin Klakegg, Eili Befring. Framme: Torill Heggheim, Elsa Heggheim, Inger Marie Øygard, Marit Flatjord Wenke Dvergsdal, Irene Befring og sokneprest Silje Sørebo.



**50-ÅRS KONFIRMANTAR ÅLHUS.** Frå venstre: Åge Støfring, Solrunn Eikås Dvergsdal, Inger Lise Østenstad Kristiansen, Margunn Sunde Kvalheim, Margunn Anny Solheim Birkelid og sokneprest Silje Sørebo. Bak, frå venstre: Knut Sandal, Kjell Åge Fluge, Magnar Hole, Gunnar Kvammen, Ingvald Gjesdal, Linda Pupe Støya, Johnny Solheimsnes.



# Nytt frå Sunnfjord Kyrkjelege Fellesråd 1. halvår 2022

Sunnfjord kyrkjelege fellesråd er felles for alle sokna i Sunnfjord kommune. Det er samansett av kommunalt valde og kyrkjeleg valde representantar. Ålhus og Helgheim sokn har kvar sin representant og så er den kommunale representanten frå tidlegare Jølster kommune.

Desse sakene har vore jobba med det siste halvåret:

- Kjøp/leige av varebilar. Det er kjøpt inn ein varebil og ein leiger ein i tillegg til dei ein har frå tidlegare.
- Utlysing og tilsetjing i kantorstilling med hovud arbeidsområde Gaular.
- Budsjettarbeid, Driftsbudsjettet justerer ein ut frå behov og endringar som skjer, som endring av leigetakstar m.m. Økonomisk råde i driftsbudsjettet for 2022 er kr. 25 816 391,00.
- Nøklar for fordelingar og årshjul for arbeid.
- Gjennomgang av rundskriv og avtalar, samt at ein gjev høyringsuttaler til plansaker som Planendring Hafstad, der gravplass er ein del, og Parkeringsområde Vevring der gravplass og kyrkje er med. Støyskjerming.
- Avtale om leige Førde kyrkjetun i tidsrommet 2021 – 2016.
- Kyrkjevevringstillinga vart lyst ut då den som

hadde stillinga sa opp. Arbeid med å finne ny og tilsette. Det er tilsett ny som er Sissel Varldre.

- Årsrekneskap og årsmelding for 2021. Eit driftsoverskot i 2021.
- Økonomiplan, der ein må ta omsyn til auke i løn og andre kostnader, samt andre endringar.
- Personalarbeid generelt.
- Investeringsbudsjett som i dag har slik prioritering:

## 2023

- Vevring kyrkje – tiltak kyrkjegarden
- Bygstad kyrkje – tiltak kyrkjegarden
- Digitale gravkart.
- Måling Naustdal kyrkje
- HC-parkering Førde kyrkje
- Førde kyrkje Enøk tiltak og rehab toalett i kjellar
- Parkeringsplassen kyrkjetunet Førde.
- Naustdal kyrkje – Utbetre parti mellom trapp frå middelalderport og opp til kyrkjetrappa.
- Sande kyrkje - Garasje
- Naustdal kyrkje – Garasje
- Diverse tak overbygg over ytterdører kyrkjer i fleire sokn?
- Gaular kyrkje – ny gravemaskin.
- Hjortegjerde rundt Bygstad Gravplass.
- Ekstra orgelstemmer til Viksdalen kyrkje.
- Snøfangarar Bygstad kyrkje.

## 2024

- Sande kyrkje - opparbeiding C felt gravplass.
- Sande kyrkje- fast dekke eventuelt brustein rundt kyrkja.
- Bygstad kyrkje – Måling.
- Vassenden Gravplass – lagerrom for bærevoan og garasje til bil.
- Sande kyrkje – Pipeorgel.

## 2025

- Haukedalen kyrkje – reperasjon av skade etter flaum.
- Planting ved Førde kyrkje.
- Måling Førde kyrkje.
- Helgheim kyrkje – måling av benkar.
- Førde kyrkje innvendig måling.

## 2026

- Måling Sande kyrkje
  - Bygstad kyrkje – leddlys.
  - Naustdal kyrkje – løpar.
  - Vurdere etablering av minnelund.
- Oppstart av kommuneplan i Sunnfjord kommune, innspel til den.

I tillegg til et som er nemnt kjem større og mindre ting som må takast på sparket for å unngå større skader.



## Kven eig dette?

Dette vesle gullhertet vart funne på Vassenden kyrkjesenter. Eigareren kan kontakte Målfrid Kjosnes.



## TIDEBØN og OPEN KYRKJE

Kvar tysdag kl. 11.00 er det tidebøn og open kyrkje i Vassenden kyrkjesenter. Unnateke dersom gravferd

## SONGSTUND OG ANDAKT HAUSTEN 2022



Kl. 14:00 på Vassenden omsorgssenter  
kl. 16:30 på Skei omsorgssenter  
på desse tysdagane:

- 4. oktober
- 18. oktober
- 1. november
- 15. november
- 6. desember
- 20. desember

I DENNE SPALTA tenkte vi at du kan skrive om eit dikt du likar. Skriv gjerne korleis du vart kjend med diktet, kvifor du likar det, om det påverkar deg på ein spesiell måte,

om du tykkjer det utfordrar deg, gjer deg glad, trist, eller gjer deg ettertenksam. Du kan sjølv velje om du vil presentere heile diktet eller berre nokre vers av det dersom

det er veldig langt. Så er det fint om du utfordrar nokon som kan presentere sitt dikt i neste nummer av bladet. (Legg ved eit bilete av deg sjølv.)



## Liten gut fortel

Av Jan-Magnus Bruheim

Eg fekk det ordet eg var tverr  
og lei og vrang og sky og skjerr.

Eg ikkje anna høyre fekk,  
og sturen var eg kvar eg gjekk.

Visst er eg vrang og vond og sur,  
men eg må vera slik dei trur.

Så hende det ein vakker dag  
at all ting fekk eit anna lag.

Igjennom veggen hørde eg  
at nokon tala godt om meg.

Eg ville ikkje lyde på,  
men stilte meg så lett på tå -

og hørde før eg smeit meg ut:  
«Han er så grei og gild den gut».

Eg kvakk litt til, men vart så glad  
då eg fekk høyra kva dei sa.

Eg gøynde meg og sto og gret,  
men alt ikring vart ljost på let.

Og midt i gråten tenkte eg,  
at når dei trur så godt om meg,

då skal eg jammen syne dei  
at eg kan vera god og grei.

Dei godord gjorde dagen bjart.  
Å du, kor hjartevarm eg vart!

# Møte med eit dikt

Denne gongen er det Gerd Sunde Førde som presenterer eit dikt ho er glad i.



Gerd Sunde Førde har valt seg ut dette diktet av Jan-Magnus Bruheim.

**D**ette diktet treff meg midt i hjartet både som mor og som lærar. Det minner oss på kor viktig det er å sjå kvarandre, å respektere kvarandre og at vi prøver å forstå kvarandre i staden for å sette merkelappar og plassere kvarandre i bås. Ingen av oss kjenner kvarandre fullt ut, og det kan vere mange grunnar til at folk oppfører seg som dei gjer eller seier som dei gjer.

Som lærar har eg alltid prøvd å tenkje slik. Det er alltid ein grunn til at eit barn gjer slik eller slik. Det er ikkje min jobb å dømme, men

heller prøve å forstå. Når eg forstår kvifor, så er det så mykje lettare å hjelpe eller rettleie barnet. Vi må leite etter dei gode sidene i kvarandre, i staden for å snakke kvarandre ned - og det er vi vaksne som må gå framføre som gode eksempel!

Eg tenkjer også at dette diktet kan vere ein tankjevakkjar til dagens teoritunge skule. Skulen er nok best tilpassa dei «flinke jentene», meir enn dei «urolege gutane». Eg har sett mange talentfulle «handy» gitar og jenter som føler dei ikkje er noko flinke på skulen... Det er trist! Dei er

jo kjempeflinke, men dei får ikkje vist det fram, for skulen legg ikkje så mykje vekt på slike kvalitetar. Derfor heiar eg litt ekstra på dei praktisk-estetiske faga i skulen!

Eg er lærar i 4. generasjon på morssida, og eg hugsar godt eit råd eg fekk av bestefaren min då eg starta på lærarstudiene. Han sa at eg måtte skape gode relasjonar til dei som bråka mest, då ville det gå bra. Dette la eg meg på hjartet, og første gongen eg las dette diktet av Jan-Magnus Bruheim, då tenkte eg på bestefar. Min kloke bestefar!





Svein Kvamsdal som Hans Nielsen Hauge.

# Hans Nielsen Hauge kom til Vassenden kyrkjesenter i Svein Kvamsdal sin skapnad

Søndag 11. september fekk vi denne opplevinga på Kyrkjesenteret. Svein Kvamsdal spela rolla som Hans Nielsen Hauge. Han framførte ein monolog med autentiske ord frå Hauge sine eigne skrifter og ga oss eit tidsbilde frå Hauge sitt liv og virke.

Tekst: INGER LIND AASEN  
Foto: STEINAR DVERGSDAL

Hauge er på vandring frå Trondheim til Bergen, året er 1802. Han fortel om livet sitt, vi får kjennskap til verksemda hans, oppretting av arbeidsplassar og omsorga for medmenneska som levde i djup fattigdom, slik tilstanden var på den tida. Vi fekk høyre han bere fram glø-

dande vitnemål om den kristne trua, om hans undring over at han vart oppfatta som ein kriminell samstundes som menneska gjekk til grunne i drukkenskap og elendigheit utan at dei styrande brydde seg.

Kvamsdal begynte og slutta framsyninga med ei ekte haugjansk åndeleg vise. Den er henta frå ei av Ragnar Vigdals sine plater:

*Jeg vet om en kilde som ingen kan tomme  
og ut fra den rinner det evige strømmen.  
Så kom da enhver som et beger kan trenge,  
men kom uten penge og dryg ei for lengde.*

*Den kilde er Jesus, den evige, gode.  
Med liv og med fred og med sannhet og nåde  
Så kom da enhver som et beger kan trenge,  
men kom uten penge og dryg ei for lengde.*

Etter framføringa var det ei triveleg stund med kveldsmat og prat. Sidan det i reiseruta vart nemnd stader i «Søndfjord» som «Svanøen», kunne både Karl Russoy og Ola Dag Thingnes frå Vevring trekke nokre trådar attende til sine tip- tippoldeforeldre som kanskje var der i strøket på den tida...?

Det var veldig kjekt å få helse på Svein Kvamsdal, vår tidlegare sokneprest og kona Evy. Hjarteleg takk for den gripande framføringa!

## Kyrkjeskys

Treng du skys til kyrkja kan du ta kontakt med ein av desse:

### Helgheim sokn

Inger Veiteberg tlf. 908 60 874  
Knut Osvoll tlf. 911 90 709  
Turid Høyvik tlf. 472 48 832  
Astrid Aa Feldt tlf. 416 84 368

### Ålhus sokn


Ingeborg Slåtten tlf. 481 01 214  
Inger Lind Aasen tlf. 952 47 071  
Björg Dvergsdal tlf. 476 66 812





Det vart både song og musikk på mimrekvelden i samband med 20 års jubileet til Vassenden kyrkjesenter.

# Vassenden kyrkjesenter har markert 20 års eksistens



Karl Rusøy hadde gjennomgang av historia til kyrkja.

22. september 2002 var dagen for vigslinga. Med biskop Ole Hageseter i spissen utgjorde den høgtidelege prosesjonen prost Sigurd Vengen og prestane Anders Myklebust, Knut Ellefsrud, Sven Harald Nilsen og Jølsters eigen prest Vidar Bjotveit.

Tekst og foto:  
BJØRG DVERGSDAL

musikalske opplevinga vi fekk. Koret song Bruremarsj etter Reme-Knut.

Vigslinga vart filma av Jens Vallestad. Torsdag 22. september 2022 kunne dei frammøte, ca 50 i talet sjå filmen. Det var eit kjekt gjensyn med fortida. Artig å sjå folkelivet utanfor kyrkja, forventninga om det som skulle skje: Endeleg kunne kyrkjerommet takast i bruk.

Etter mimrekvelden var det god kveldsmat og mykje godt prat utover kvelden.

Jølstrakoret, Skeivasskoret og Jølster musikklag sytte for den





*Vassenden kyrkjesenter går frå stifting til foreining.*

# Vassenden kyrkjesenter – frå stifting til foreining

Stiftinga «Vassenden kapell/kyrkjesenter» blei oppretta i 1994. Sidan sokna på den tid ikkje kunne stå som eigar av fast eigedom, blei mange kyrkjebygg etablert i stifting.

Av KARL RUSSØY

Ei stifting eig seg sjølv, eller sagt med andre ord: Det sittande styret eig stiftinga. Berre stiftingstilsynet kan overprøve styret sine disposisjonar.

Dei som har oppretta stiftinga, kan ikkje på ny, få råderett over stiftinga, eller midlane i den. Etter stiftingslova kan såleis ikkje eiga forast attende. Den siste kyrkjelova, som var av eldre dato enn stiftingslova, hadde ein paragraf som heimla tilbakeføring av eldre stiftingar. Kyrkjelova blei sett ut av kraft 31.12.2020.

Opphevingsvedtaket, for stiftinga vår, kom frå stiftingstilsynet den 08.10.2020, alt så før kyrkjelova gjekk ut.

Sidan det var to partar, Vassenden Normisjon og Ålhus sokn som var etablerarar, vart eiga no ført over til foreininga Vassenden kyrkjesenter. Det er såleis ikkje Vassenden Normisjon og Ålhus sokn som eig kyrkja, men foreiningsmedlemer frå desse, som på ulik vis deltek i den store dugnaden for å drifte Vassenden kyrkjesenter som blir kyrkjeieigarar.

Etter vedtektene vert eiga av kyrkjesenteret ført attende til Vassenden Normisjon og Ålhus sokn om foreininga vert nedlagt.

Nestleiar i styret Sverre Gjesdal Tlf. 908 28 425, fører medlemsregister og tek i mot innmelding.

Vassenden kyrkjesenter har Vipps 554626

## Konsertar Forestillingar

15. november kl. 19:00

### ÅLHUS KYRKJE

Forestillinga «Josef» med forteljar Helga Samset og jazzmusikar Jonas Kilmork Vemøy. Allsong i prestegarden etterpå

5. desember kl. 19:30

### HELGHEIM KYRKJE

Julekonsert -Kvinnkoret Kvitre.

11. desember kl. 19:00

### ÅLHUS KYRKJE

Julekonsert, vakre advents og jolesalmar frå Valdrestradisjon v/Ingebjørg Nomeland (Fordefestivalen)

## SISSEL VARTDAL, DEN NYE KYRKJEVERJA I SUNNFJORD:

## – Eg brenn for kyrkja og det lok

Sissel Vartdal møter oss på Kyrkjetunet i Førde. Kontordøra står open. «Det skal den som regel gjere», smiler ho. «Eg ønskjer å vere ein tilgjengeleg og synleg kyrkjeverje!»

Tekst: Reidar Eide  
Foto: Joy Taylor

Ho er frå Vartdalsbygda på Sunnmøre, men har frå 20-årsalderen hatt Bergen som heim og base for eit breitt arbeidsfelt med overordna leiaransvar på landsbasis og lokalt.

### Pendlar

No er ho godt i gang med å gjere seg kjend med alle dei tilsette i Sunnfjord kyrkjelege fellestråd, og etter kvart med alle dei ti kyrkjene og dei 14 gravplassane i kommunen.

Sissel leiger hus på Espeland i Gaular, men vekependlar frå heimen i Bergen.

– Det tenkjer eg skal gå fint. Bilen fungerer både som framkomstmiddel og rekreasjon. På Espeland lever eg tett på naturen, medan eg har alt eg treng i byen. Eg har høyr at det er mange flotte fjellturar i Sunnfjord. Det gler eg meg til å utforske nærare! Eg ser også fram til å få vere med på søndagsgudstenester og anna aktivitet i alle dei ti kyrkjene våre.

### Gode spor å gå i!

– Kyrkja og folket som høyrer til, er viktige byggesteinar i lokalsamfunnet. Difor brenn eg for kyrkja, og for rolla mi som kyrkjeleg leiar og forvaltar.

God forvaltning er å nytte alle tilgjengelege ressursar, både

materielle og immaterielle, best mogleg slik at kyrkja kan fylle sitt oppdrag. Dette er sentralt for kyrkja som trussamfunn og folkekyrkje. I tillegg spelar kyrkja ei viktig rolle i samfunnet ved å trygge barn og unge sine oppvekstvilkår, etablere ulike møteplassar, gjennom omfattande bruk av frivillige og ved å samarbeide og vere tilgjengeleg for det offentlege hjelpeapparatet – og folk – når dei store krisene skjer. Kjenneteikn på eit godt samfunn er sterke sivile aktørar, der har kyrkja framleis ein naturlig plass.

Eg veit at Sunnfjord har mange ressursar. Her er svært dyktige og trufaste tilsette på alle arbeidsfelt. Her er engasjement og kompetanse, kort sagt gode spor å gå i for meg som ny. Oddvar Etnestad og Inger Hageberg Øvrebø har gjort godt arbeid for meg.

Eg er veldig glad for tilliten eg har fått, og vil gjere mitt beste for å vere ein god leiar for alle tilsette i kyrkja i Sunnfjord.

### Leiaren

Sissel Vartdal har ei brei leiarerfaring. Ho kjem frå jobb som seniorrådgjevar i Kyrkerådet der ho arbeidde med oppsummering av høyringa om kyrkjeleg organisering. Åra før var ho den første HR-sjefen i Kyrkerådet der hovudoppgåva var å flytte prestane frå staten og over til ein sentral kyrkjeleg arbeidsgjevar. Ho har

vore nestleiar og medlem av Kyrkerådet og har også bakgrunn frå bispedømmeråd og Mellomkyrkjeleg råd. Ho har vore personalsjef i Sjømannskyrkja, prosjektleiar for Demokratireforma, og mange år som kyrkjeverje i Fjell kommune ved Bergen. Den første kyrkjelege leiarstillinga var som administrasjonsleiar for Bergen kyrkjelege fellestråd.

### Stort engasjement

– Mange overordna sjefsstillingar dette, Sissel. Korleis trur du det blir no å jobbe lokalt «på landsbygda»?

– Det gler eg meg verkeleg til! Eg har hatt spennande oppgåver sentralt i kyrkjeorganisasjonen, men det er lokalt kyrkja lever og er til for folk. Dei over åtte åra som kyrkjeverje på Sotra, ein kommune i sterk vekst, er ein god ballast å ha i denne jobben. Eg har eit stort engasjement, og har fått ansvar og tillit i tråd med dette. Det har gitt meg god oversikt i det kyrkjelege landskapet. Eg har sett og erfart at «alt heng saman med alt», og at kyrkjeleg teneste tek mange former. Og eg får og bruke engasjementet mitt på fritida. Eg har vore frivillig i Kirkens SOS i mange år, både som telefonvakt og no som styreleiar for landsstyret i Kirkens SOS. Kirkens SOS er Noregs største krisetelefon, og livsviktig for mange, difor er og dette ei teneste eg brenn for.

«Vi skal vere synlege og delta!»

– Kva ønskjer du å få til som kyrkjeverje her i Sunnfjord?

– Som tidlegare nemnt; det blir min jobb å ha ansvaret for best mogleg forvaltning av ressursane, både økonomisk og menneske-

leg. Som kyrkjeverje skal eg syte for gode rammer rundt arbeidet, både for kyrkjefaglege stillingar, for administrasjonen og for dei som har sitt daglege virke i kyrkjer og på kyrkjegardar. Vi skal bygge god intern samhandling, og gode relasjonar eksternt. Til folk, lag og organisasjonar i byen og bygdene rundt, til Sunnfjord kommune og til andre aktørar. Vi skal vere synlege og delta der det er naturleg å delta.

Vi har ti kyrkjebygningar og 14 gravplassar å ta vare på. Dei har si viktige historie, og folket i bygdene er knytt til dei gjennom gudstenester og elles i glede og sorg. Her i Sunnfjord har det vore gode vedlikehaldsplanar og godt arbeid. Mitt ansvar, saman med mine tilsette, blir å vidareutvikle, ta vare på kyrkjene og stelle fint på gravplassane.

### Fylle oppdraget som kyrkje

– I år er det «Frivilligheitas år». Det minner oss på at alt i kyrkjelysten er avhengig av at mange brukar fritida si til felles beste. Det er dei flinke til her i Sunnfjord i alt av barne og ungdomsarbeid, idrettslag så vel som i dei kristne organisasjonane. Eg er glad for kvar enkelt medarbeidar og den samla kompetansen dei representerer, men frivilligheita er heilt avgjerande for at vi skal greie å vere kyrkje!

### Eg gler meg!

– Ny storkommune og pandemi..?

– Vi er heldigvis over i «steg to eller tre» i desse prosessane. Den verste smittebølga er vonleg over, men vi må hugse at mykje arbeidstid i kyrkjelydane i Noreg dei siste par åra har gått med til å



# kale engasjementet!



*Sissel Vartdal er ny kyrkjeverje i Sunnfjord*

planlegge og gjennomføre smitteverntiltak i alt frå gudstenester, kyrkjelege handlingar elles, trusopplæringa, diakoniarbeidet og korverksemda. Det er godt å kunne planlegge og gjennomføre kyrkjeleg aktivitet innanfor

kjente rammer igjen.

Så er vi ikkje lenger fire kommunar, men ei. Dei fire kyrkjekontora i Sunnfjord skal bestå, og med gode arbeidstilhøve for alle. Utfordringa er å få til ei heilskapleg tenking og best mogeleg

utnytting av våre samla ressursar. Eg gler meg til å snakke med og bli kjent med kvar enkelt av dei tilsette no i haust.

*– Til sist, Sissel: Du har travle tider framfor deg. Korleis slappar du av?*

– Eg brenn for jobben min, men er og glad i fritid. Vere med vener og familie, lese bøker og ha ei god veksling mellom friluftsliv og byliv.

# Fredrik og Ine

For nokre generasjonar sidan, då sunnfjordinga-  
ne ikkje var så vane med å sjå framandfolk vanke  
her i bygdene, vekte det alltid interesse med nye  
ansikt.

Tekst: ANNBJØRG EIKSUND HESSELBERG  
Foto: FREDRIK BRÅTTVIK

Ved søndagsmiddagen måtte dei kyrkjefarande gjerne gjere greie for kven som var der i dag, og var der nokre ukjende, var spørsmålet kvar dei kom frå. Og sjølv sagt var det spesielt interessant dersom det var ein ny prest som forretta gudstenesta.

## Ny prest i Sunnfjord

Helg og Heim-redaksjonen har fått kontakt med eit nytt tilskot til kyrkja i Sunnfjord, og når bladet kjem ut, har nok ganske mange møtt nyepresten. Han tok til i tenesta 1. august. Så kven er han?

Fredrik Bråttvik held på å leggesiste siste hand på verket, for han kan ordinerast til prest. Han har studert på Menighetsfakultetet, og har alt gjort unna praktikum. Denne hausten skal han, ved sida av halv stilling i Sunnfjord, fullføre masteroppgåva si der, med det interessante temaet «Kjærlyghet i Johannesevangeliet – sett opp mot antikkens venns-kapsbegrep».

Ved si side har han kona si Ine, som er utdanna og arbeider som barnevernspedagog. Dei har busett seg i Førde, og er sjølv sagt

spente på nye jobbar og nytt miljø.

Dei har flytta inn i eige hus i Førde i sommar, - ja, overtakinga trefte til å vere på 2 års-bryllaupsdagen deira! No er dei godt i gang med å innreie heimen sin.

## Vart utfordra av biskopen

Vi møtest der, og kaffekanna står klar, saman med dei arva rosekoppene som Ine er så glad i. Praten går lett, kontaktpunkta er ikkje vanskelege å finne. Det er forfriskande å utveksle tankar med dei begge.

I ei tid med stort behov for nyrekruttering til kyrkjelege stillingar, går vi like godt rett på sak og spør Fredrik:

– *Kvifor har du gjort dette yrkesvalget?*

Og sidan Fredrik er austlendig, let vi han svare på sitt eige mål:

– Helt til jeg var kommet langt ut i pauseåret etter vidaregående, hadde jeg ingen tanke om å studere teologi. Men så var jeg på et lederseminar på en festival i regi av KFUK-KFUM, der biskop Halvor Nordhaug underviste. Vi snakket sammen i etterkant, og han lot falle ord om

at det jo kom til å bli bruk for nye prester framover. Han våget å utfordre meg på dette yrkesvalget. Jeg hadde aldri tenkt den tanken for, men den begynte å arbeide i meg. Jeg vandret rundt på Vossevangen, der vi var på festival, og bearbeidet saken.

Heldigvis er studiet bygget opp slik at man kan starte med et ett-årsstudium, og deretter velge hvilken påbygging man vil ta, og hvilket nivå man vil sikte mot. Etter hvert ble det veien mot «vigsletjeneste», og jeg opplevde at den veien åpnet seg etter hvert som jeg gikk.

## Fekk det inn med morsmjolka

– *Kunne det vere noko i din bakgrunn som hadde ført deg i denne retninga?*

– Selv om morfar hadde vært prest, misjonsprest i NMS, faktisk, hadde det aldri blitt foreslått eller tenkt at jeg skulle gå i hans fotspor. Jeg kom jo til bevisst tro bl.a. gjennom leiropphold, og var med i menighetens barne- og ungdomsarbeid, men så vel egentlig for meg flere andre yrkesvalg for teologi. Gud har sine måter å lede oss på, og for meg har det nok vært en kontinuerlig

opplevelse av Guds kjærlyghet for meg som har ledet meg inn på og holdt på den retningen.

– *Eg høyrde ein av dei andre prestane seie: Det skal bli godt å få ein ung medarbeidar! Ja, vi ser jo at de begge er unge, men kan vi få alder og fødestad, kanskje?*

– Jeg er født i Ngaundere i Kamerun i 1993, så jeg er i mitt 30. år. Og Ine, hun er født i Stavanger to år seinere.

– Og vil leserne finne ut mer om oss, er vi åpne for kontakt! seier Fredrik med eit smil.

## Har sans for folkekyrkja

– *Du meiner tydelegvis at Den Norske Kyrkja har ei viktig rolle å spele framleis, endå om mange ikkje synes å bry seg så mykje om kva kyrkja held på med. Kanskje kan vi seie at det bles motvind frå mange kantar. Kva er din hovudmotivasjon for å velje ei teneste som ikkje nødvendigvis vert berre lett?*

– Først og fremst tenker jeg at Gud ønsker å møte alle mennesker med sin kjærlyghet i Jesus Kristus, selv om det kanskje ikke er en bevissthet om det i samfunnet generelt. Jeg opplever meg heldig som kjenner Gud, og jeg har fått noen trosstyrkende erfa-





Fredrik Bråttvik er ny prest i Sunnfjord og skal vere litt rundt omkring. Han er glad i friluftsliv

ringer underveis, så jeg vil gjerne formidle Jesus! Og så vil jeg gjerne ha fokus på det sentrale i den kristne tro. Det er jo mye som kan skape støy i og rundt kirken.

– Det står mye om kirkens enhet i Bibelen, og jeg har et sterkt ønske om å bidra til den, både innad i Den norske Kirke og på tvers av kirkesamfunn, seier Fredrik. Og Ine gir uttrykk for at dette er noko dei er mykje opptekne av og står saman om.

– Jeg har sansen for å arbeide i folkekirken, der vi har så mange kontaktmuligheter, legg nypresten til.

#### Likar friluftsliv

– Ja, kva er kyrkja sine viktigaste oppgåver, og kva har du sjølv mest lyst til å arbeide med?

– Det har jeg vel nesten svart på! Men jeg ser jo på meg selv som en ennå ung fyr, som kan ha

litt å bidra med når det kommer til ungdommer. I høst skal jeg være med på konfirmantarbeidet både i Jølster, Førde og Naustdal – og ellers stå til tjeneste der jeg trenges, med hovedfokus på Naustdal og tilknytning til kirkekontoret der.

– Kva ser du som din rolle?

– Først og fremst kan jeg kanskje være en samtalepartner for dem som ønsker det, og vil gjerne være en veiviser på troens vei. Jeg vil gjerne ha kontakt med både unge og eldre. Og dessuten tror jeg faktisk jeg kan utfordre ungdommene litt når det gjelder uteliv... ja, jeg mener selvfølgelig friluftsliv!

– Det må vi få høyre meir om! Noko av det som fortel kven vi er, er jo nettopp kva vi brukar fritida til. Intervjuaren har registrert diverse saker i heimen, som kan vere nyttige å ha – om du t.d. skal overnatte ute.

Er du speidar, eller?

– Tror nok at jeg har hatt ord på meg for å være en «apekatt» i oppveksten – klatret der det gikk an å klatre! Speider har jeg aldri vært, men det forhindrer jo ikke å trives med villmarksliv – noen ganger med det enkleste utstyr, andre ganger noe mer komfortabelt utstyrt. Ine foretrekker nok det siste, i alle fall i dårlig vær. Dessuten er jeg glad i alle typer ballspill!

#### Johannes og kjærleiken

Og Helg og Heim sin utsende medarbeidar kan bekrefte at Fredrik ser ut til å være bygd for både volleyball og korgball.

– Men tilbake til teologien, Fredrik. Kva var det du sa om masteroppgåva – kvifor dette temaet?

– Det er for tidlig å gå ut med detaljer nå, kom igjen om to måneder! Men i en tid da kjærlig-

hetsbegrepet flittig både brukes og misbrukes, vil jeg undersøke Bibelens tale om dette. Da er det nærliggende å gå til apostelen Johannes, som jo tematiserer kjærligheten i sitt evangelium og sine brev. For at det ikke skal bli for omfattende, konsentrerer jeg meg om Johannesevangeliet. Og så levde jo Jesus i antikkens tid, så det er spennende å holde hans budskap opp mot de klassiske tenkerne. – Nå er jeg så motivert for å komme skikkelig i gang! Oppgaven skal fullføres i løpet av høsten.

Vi kan ikkje anna enn ønske lykke til og glede oss til resultatet. Og etter det vi kan sjå, er heimekontoret innreia for gode arbeidsøker.

**SPAR**   
NETTBUTIKK  
Alltid same pris  
på nett som i butikk

**VI HANDLAR FOR DEG!**

Bestill på [nettbutikk.spar.no](http://nettbutikk.spar.no)  
Hent varene ferdig pakka hos  
SPAR Jølstraholmen eller  
få dei levert på døra.



skei@audhild-viken.no  
Tlf. 57 72 81 25



MASKINENTREPRENØR

**Ottar Dvergsdal AS**

952 00 433

**JØLSTER RØR AS**

Tlf. 57 72 83 50 / 959 87 820  
Bjørn 959 87 822 / Geir 959 87 823



COOP MARKED VASSENDEN

Måndag–fredag: 8–20  
Laurdag: 8–18

Tlf: 57 72 72 00  
vassenden@marked.coop.no



COOP MARKED SKEI

Måndag–fredag: 9–21  
Laurdag: 9–20

Tlf: 57 72 83 77  
skei@marked.coop.no

**nordfjord SKIFER** *Naturstein av høy kvalitet*

Tlf. 57 72 70 16 / 917 63 804

**VESTLAND**  
VESTLAND GRUPPEN  
ELEKTRO OG RØR

Avd Jølster • Vikavegen 104, 6843 Skei  
TLF 57 72 63 60 / 916 56 542 • EPOST [svein@vestlandgruppen.no](mailto:svein@vestlandgruppen.no)



Tlf. 57 82 70 30 • [fjordan.no](http://fjordan.no) • [eirik@fjordan.no](mailto:eirik@fjordan.no)

**Fjordamat TUNET**  
- kurs og oppleving

Støringdal • Tlf. 951 46 531 • [fjordamattunet.no](http://fjordamattunet.no)

ENTREPRENØR  
**Ivar A. Sunde AS**   
6847 Vassenden

**BOSCH Service** **Jølster Bil AS**  
[www.jolsterbil.no](http://www.jolsterbil.no) Tlf. 57 72 68 90

**VASSENDEN TAXI**  
mob. 482 10022  
Drosje, rullestolbil og minibuss

**Br.S Å&Ø** **Åsen & Øvrelid as**  
Tlf. 57 72 38 50



Hytter, bubilplasser, båter, kajaker, fiskeutstyr, mm.  
Tlf 920 62 203 Mail: [post@jolvassbu.no](mailto:post@jolvassbu.no)

MASKINENTREPRENØR  
**Jostein Sunde AS**  
[jostein-sunde.com](http://jostein-sunde.com)

Graving Boring Sprenging Transport Steinmassar Kontainerutleige

[post@jostein-sunde.com](mailto:post@jostein-sunde.com) Tlf. 57 72 73 00



**EIN SMAK AV TRADISJON**  
frå Anne Grete og Hilde

Søgnesand • 6843 Skei  
Tlf. 951 10 688 / 948 97 236



**ALF HELGHEIM & CO AS**

6843 Skei i Jølster  
Tlf. 57 72 83 11  
[post@alfhelgheim.no](mailto:post@alfhelgheim.no)  
[www.alfhelgheim.no](http://www.alfhelgheim.no)

FOTO • UR • GULL • SØLV • MUSIKK



**ROALD SUNDE**  
Maskinentreprenør – Sentral godkjenning  
Tlf. 57 72 81 91 / 952 31 915  
GRAVING • TRANSPORT • MURING • SANDTAK

**JØLSTER**  
BYGG OG INTERIØR

Tlf: 57 72 74 15 • [www.jolsterbygg.no](http://www.jolsterbygg.no) • Besøk oss på Facebook

TRENG DU NOKON Å  
SNAKKE MED?

Nokre som ringer tenkjer på å ta sitt eige  
liv, andre er usikre, einsame eller reddde.  
Nokre treng berre å slå av ein prat.

Ring eller skriv: Vi er her. Alltid. [kirkens-sos.no](http://kirkens-sos.no)

**SOS**  
22.40.00.40

**SOS**  
CHAT

**SOS**  
MELDING

**KIRKENS**  
**SOS**



# Kyrkja er vår heim



## NOVEMBER

### HELGEMESSESUNDAG

**Søndag 06.11**

ÅLHUS KYRKJE KL. 11:00

Minnegudsteneste med nattverd

HELGHEIM KYRKJE KL. 14:00

Minnegudsteneste med nattverd

Vi minner dei som er gravlagde sidan  
sist Helgemesse

**Søndag 06.11**

VASSENDEN KYRKJESENTER

KL. 17:00

Familiegudsteneste. «Trygg til natta  
gudsteneste»

### 23. SUNDAG I TREEININGSTIDA

**Søndag 13.11**

VASSENDEN KYRKJESENTER

KL. 11:00

Familiegudsteneste

### 1. SUNDAG I ADVENTSTIDA

**Søndag 27.11**

ÅLHUS KYRKJE KL. 11:00

Familiegudsteneste med dåp og utde-  
ling av 6-års bok

### 1. SUNDAG I ADVENTSTIDA

**Søndag 27.11**

HELGHEIM KYRKJE KL. 20:00

lysmesse. Konfirmantar og speidarar  
deltek.

## DESEMBER

### 2. SUNDAG I ADVENTSTIDA

**Søndag 04.12**

FØRDE GRENDAHUS KL. 11:00

Familiegudsteneste med nattverd

### 3. SUNDAG I ADVENTSTIDA

**Søndag 11.12**

ÅLHUS KYRKJE KL. 11:00

Gudsteneste med nattverd

### 4. SUNDAG I ADVENTSTIDA

**Søndag 18.12**

HELGHEIM KYRKJE KL. 11:00

Gudsteneste med nattverd

### 24.12 Julaftan

#### Familiegudstenester

HELGHEIM KYRKJE KL. 14:00

VASSENDEN KYRKJESENTER KL.

16:00

### 25.12 Juledag

Gudsteneste med nattverd

HELGHEIM KYRKJE KL. 11:00

### 31.12 Nyttårsnatt

Midnattsgudsteneste

ÅLHUS KYRKJE KL. 23:15

Sjå i papiravisa Firda, laurdagsnum-  
mer

## Døypete



### ÅLHUS SOKN

Ålhus kyrkje

03.07 Nora Anny Årdal

28.08 Kristina Bakketun Osvoll

28.08 Ingrid Moan Støfring

Vassenden kyrkjesenter

07.08 Mie Fosshem Tytingvåg

07.08 Matheo Ripe Jakobsen

(døypet i Førde kyrkje)

### HELGHEIM SOKN

Helgheim kyrkje

14.08 Live Hatlelid Øygard

14.08 Olai Mjåset Nygård

14.08 Wilhelm Årdal Strid

28.08 Ola Bruland Dvergsdal

02.10 Leah Sunde

02.10 Hedda Dvergsdal Heggheim

## Vigde



### ÅLHUS SOKN

Vassenden kyrkjesenter

23.07 Linn Mari Aasen og

Stian Gjesdal Aasen

### ÅLHUS KYRKJE

27.08 Hege Sørvåg Hauge og

Petter Gjesdal

### HELGHEIM SOKN

Helgheim kyrkje

02.07 Mona Kristine Pedersen

Førde og Alf Otto Førde

02.07 Gunnhild Viken og

Arvid Bakke

06.08 Ane-May Årdal og

Espen Smådal Igesund

## Gravlagde



### ÅLHUS SOKN

Ålhus kyrkje/Ålhus kyrkjegard

19.07 Jan Magne Bruland

Vassenden kyrkjesenter

/Vassenden gravplass

01.07 Arne Gjesdal

02.08 Oskar Eikås

09.08 Odd Per Løset

26.08 Inge Eikås

06.09 Atle Bjørnulf Vågen

### HELGHEIM SOKN

Helgheim kyrkje

/Helgheim kyrkjegard

04.08 Trygve Årdalsbakke

04.10 Thorleif Hindenes

07.10 Ottar Øygard





*Ei stor grillhytte er eitt av to bygg som er komne på plass.*

# Speidarane har fått sin eigen plass



Speidargruppa på Skei kunne i september invitere til opning av den nye naturmøteplassen som er realisert takka vere rause gåver frå bankar, i tillegg til stor dugnadsinnsats.

Tekst og foto: HALLSTEIN DVERGSDAL

– Vi får til det vi vil er mottoet til speidargruppa som har stor aktivitet året rundt og som no har fått seg ein samlingsplass i skogen ovanfor byggfelta på Skei. Det er berre å gratulere dei aktive speidarane.

*Det er ikkje noko å seie på utsikta frå bålplassen til speidarane.*

